

B E R G S Ø Y I D R E T S L A G .

Årsberetning for 1966/67.

Denne årsberetning omfatter Bergsøy Idrettslag's 23. rekneskapsår, nemlig frå den 5. nov. 1966 til den 12. nov. 1967. Der er i denne periode holdt 4 ordinære styremøter og 1 medlemsmøte.

Skytebanedrifta i vinter ga også denne gang så stort overskot at det ikkje har vore noken prekær pengemangel i laget. Laget har ikkje gjeld utanom dei lån vi har på fotballbana. Billettinntektene på fotballkampane var også i år små, det er selde ca. 850 vaksne og 500 barn-billetter. Dette er ikkje stort meir enn ein treng til å dekke utgiftene på heimekampane. ~~xxxx~~ Til neste år er det bestilt nye drakter og treningsoveralls til 16 spillere, dette kjem på ca. 3000 kr. For å skaffe pengar til dette vart det sett igang tombola, dette ga nok overskot til å dekke ~~håke~~ beløpet. Pengane er foreløpig innsett på egen bankkonto og er ikkje innført i rekneskapen.

Då sjøbua til Elias Hansen er bortleigd til Telegrafverket, har vi måtta sjå oss om etter ~~andrerix~~ anna lokale til liknande arrangement som vi har hatt dei siste to år. Gamlebutikken til Niels Lied har stått ledig og vi har fått leige denne komande vinter for kr. 100.- pr måned. Drifta er allereide starta men inntektene har til denne tid vore små. Dersom denne tendens vil halde seg utover bør ein ta opp til vurdering kva ein kan gjere for å skaffe dei nødvendige pengar i kassa til neste sesong.

Fotball.

A-laget.

Treninga til fotballsesongen i år starta i oktober i fjor. Men på grunn av at fleire spelarane går på skule i Ålesund og Volda, har det vore liten anledning til å samle alle spelarane til felles trening, dette har berre vore muleg i treningskampar. Den fyrste treningskampen vart vart spela 8. april, det var mot Volda, og Bergsøy vann 5-3. Før seriestarten vart dessuten desse treningskampane avvikla:

Bergsøy- Hareid 6-2, Bergsøy - Hødd A 1-4

Til den siste kampen, mot Hødd~~sø~~ som vart spela 22. april, måtte vi rydde bana for snø, dette vart gjort av komunen uten utlegg for oss. Den 11. mai vart det spela nokk ein kamp mot Hødd, denne gong mot B-laget, og Bergsøy vant 6-2.

Seriestarten var i år den 30. apr 17, og oppningskampen var Bergsøy- Valder med resultat 5-1 til Bergsøy. Så fylgde:

Sykkylven - Bergsøy	3-1	Bergsøy - Skarbøvik	2-4
Rollon - Bergsøy	2-1	Bergsøy - Blindheim	2-1
Bergsøy - Stranda	4-0	Ørsta - Bergsøy	3-2

Etter desse kampane låg laget på ein 6. plass, 2 poeng føre Blindheim som var nr. 7, men berre 1 poeng etter Ørsta, Sykkylven og Stranda som alle hadde 7 poeng. På topp var Skarbøvik med 14 poeng, og Rollon nr.2 med 10 poeng. Resultatet av vårkampane var nok litt skuffande sett i forhold til den optimisme som rådde før seriestarten. Men utgangspunktet for haustterminen var no heller ikkje det aller verste.

I juli reiste laget på tur til Nordfjoreid og Måløy. På Nordfjoreid vart det laurdag den 15. spela mot Eid, og resultatet vart 3-1 til Bergsøy. Det vart overnatta på Eid og sundag morgen drog laget til Måløy der det vart spela mot Tornado, som vann 8-2. Turen kom på ca. 800 kr. som ein må sei var svert rimeleg. Det vart spela ~~nok~~ ein treningskamp til i juli, nemleg Bergsøy- Hareid 10-5.

Haustrkampane som starta 8. august fekk dette utfall:

Valder	- Bergsøy	2-2	,	Bergsøy	- Sykkylven	6-1
Skarbøvik	- Bergsøy	10-1	,	Bergsøy	- Rollon	3-2
Blindheim	- Bergsøy	0-3	,	Stranda	- Bergsøy	0-2
Bergsøy	- Ørsta	2-4				

Sluttstillinga i 4. divisjon -67 var dermed slik:

Kretsmester:	Skarbøvik	14	12-2-0	53-11	26 poeng
Nr. 2 Ørsta	14	8-2-4	35-17	18 "
Nr. 3 Sykkylven	14	6-4-4	21-22	16 "
Nr. 4 Bergsøy	14	7-1-6	36-33	15 "
Nr. 5 Rollon	14	5-2-7	16-22	12 "
Nr. 6	+++... Stranda	14	4-3-7	17-22	11 "
Nr. 7 Blindheim	14	3-2-9	15-27	8 "
Nr. 8 Valder	14	2-2-10	17-45	6 "

Skarbøvik kvalifiserte seg for 3. div. og rykker opp, mens Valder og Blindheim må rykke ned. Nye lag i 4. div. neste år vart Spjelkavik som kom ned frå 3. div., Volda og Brattvåg som rykker opp frå 5. div.

Når vi ser bort frå baksmellen mot Skarbøvik så må ein sei at haustsesongen har vore god. 4. plass i 4. div. er den beste plassering laget nokon gong har oppnådd. A-laget har i år i alt spela 21 kampar, 12 har enda med seier, 1 er spela uavgjort og 8 har enda med tap. Laget har laga 69 mål og slept inn 58.

I dei obligatoriske seriekampane har det vore nytta 20 forskjellige spelara, og 4 av desse er juniorer. Gjennomsnittsalderen for samtlige er 21 år.

I seriekampane har desse spela på laget:

Knut Igesund, junior	14	Asmund Myklebust	8
Ronald Moen	14	Andreas Kvalsund	4
Asbjørn Myklebust	..	Eldar Eilertsen	4
Asbjørn Røsås	Kjetil Reite	3
Oskar Wåge	Leif Myklebust	2
Kjartan Fagerlund	..	Harald Thorseth, junior	..	2
Odd Berge	Per Worren, junior	...	2
Knut Teige, junior	..	Sveinung Frøystad	..	1
Sigmund Paulsen	...	Jan Dypvik	1
Kjell Karlsen			
Sigleif Karlsen	...			

I treningskampar har dessuten desse spela: Henry Måløy, Geirfinn Goksøyr, Gunnar Kjellstadli, Peder Feie, Aksel Berge, Kjell Almestad, Jack Pettersen og Agnar Vike.

Det var i år påmeldt to kandidater til juniorkretslaget, nemlig Knut Igesund og Knut Teige. Begge spelte seg inn på kretslaget, og deltok i kampene i Horeten - turneringa, der Sunnmøre i år oppnådde ein fin 3. plass.

Guttelaget.

Guttelaget har også i år gjort ein utmerka innsats i gutteserien. Serien var inndelt i 3 avdelingar med tilsamen ca. 20 lag. Vårt lag vart best i si avdeling med desse kampresultat:

Bergsøy - Vartdal	8-1	Hødd	- Bergsøy	0-1
Bergsøy - Mauseidvåg	4-1	Volda	- Bergsøy	0-7
Bergsøy - Hareid	10-0	Sebø	- Bergsøy	1-5

Dei andre avdelingsvinnarane var: Rollon og Langevåg. Fyrst spela Bergsøy mot Langevåg i Langevåg og tapte 3-2, deretter spela Bergsøy mot Rollon her på heimebane, men tapte likevel med 2-0 og var dermed ute av dansen om kretsmesterskapet. Det vart Rollon som drog av med dette etter å ha vunne over Langevåg med 1-0. Vårt lag vart nr. 3 med 2 tap på 8 kampar og målkvote 37-8. Laget har dessuten i treningskamp vunne over Hødd med 6-1, og tapt mot Langevåg med 3-0.

Desse har spela i dei obligatoriske kampene:

Johs. Nørvåg, John Tellefsen, Agnar Vike, Kjell Nørvåg,

Fredd Frantzen, Jack Pettersen, Ronald Karlsen alle med 8 kampar

Sigurd Teige 7 kampar,

Sveinung Jonsen, Terje Valø 6 kampar

Erling Remø ~~4 kampar~~ og Rolf Harsvik 4 kampar

Johs Pettersen 3 kampar, Reidar Leine, 2 kampar

Paul Møtten Nerem og Bjørn Frantsen 1 kamp

Nemnst må også at Bergsøy Gutteklubb i år tok eit nytt mesterskap i Sunnmørspostens Guttecup, denne gang i lettvektssklassen.

Idrettsannlegget.

På fotballbana er det berre gjort det aller nødvendigaste vedlike-
haldsarbeid, men grusdekket er heldt nedslitt så pukken kjem opp av
grusen. Spelarane er derfor utsett for større rissiko enn nødvendig.
Bana bør derfor grusast til neste år, dette vil kome på ca 4500 kr, og
det er søkt komuna om eit tilskot på kr. 3000 tildette føremål.

På klubbhuseb har det foruten ein del ~~reparasjonar~~ reparasjonar
også vore arbeidt med innreiing av eit kontor. Dette er ikkje stort
men ve d fornuftig møblering skulle her vere plass til å halde styre-
møter og mindre gruppemøter.

Herøy Sentralidrettsbane.

Som kjent har Herøy komune kjøpt grunn til sentralidrettsbane og
arbeidet med grøftinga er kome igang, men dersom ikkje arbeidet vert
fordert meir enn tilfellet har vore i år, vil det nok gå mange år før
bana er ferdig til bruk. Arbeidet med grøftinga har vore vanskeleg på
grunn av blaut og djup myr.

Dugnadslister har vore utlagde og det er tegna for ca. 3500 timer,
og enkelte medlemmer har allereide gjort sine fyrste dugnadstimer, men
arbeidet med grøftinga egna seg ikkje for dugnadsarbeid.

I ei utlodning til inntekt for det nye stadion kom det inn ca/200,kr.
pengane er ikkje overlevert byggjenemda.

Tillitsverv.

Formann: Eystein Botn
Nestformann: Gunnar Kjellstadli
Kasserer: Ingvald Stenersen
Sekretær: Kjartan Fagerlund
Styremedlem: Asmund Myklebust
Varamenn: Harald Arnesen, Egil Leikanger, Nick. Rånes

Revisorer: Elias Hansen og Peder Worren

Oppmann for a-laget : Egil Leikanger
UK- " " : Harald Arnesen, Sigmund Paulsen + oppmannen

Oppmann for guttelaget: Geirfinn Goksøyr
UK " " : Knut Teige, Ronald Moen + oppmannen

Arkivar: *Harald Arnesen*

Banememd:

Klubbhusnemd: *Geirfinn Goksøyr, Knut Ygesand*

Friidrettsnemd: *Lerke Brakke, Egil Leikanger,
Perry Pattersen, Eldor Eikertsen*

Arrangementskomite: *Kjartan Fagerlund (Kass), Sigmund Paulsen, Harald Arnesen,
Geirfinn Goksøyr, Ronald Moen*

Kontrollnemd: Elias Hansen, Finn Voldnes.

Repr. til fotballtinget: Asmund Myklebust, Egil Leikanger

Handballgruppa:

Argeir Rasmstad formann

På vegne av styret vil eg takke alle medlemmer og tillitsmenn for det arbeid som er utført for laget, og ynskjer dei nye tillitsmenn all **lyk** lukke med det vidare arbeid for lagets beste.

Fosnavåg den 12. nov. 1967

For Bergsøy Idrettslag

E.B.
Eystein Botn